

REFERAT FRA MØTE I GRENDAUTVALGET 19.06.23

Til stede: Gunn Vikingstad, Espen Årvik, Mona Aksdal og Gunnar Birkeland.

Kunne ikke møte: Marte Gangstø og Jon Magne Svendsbøe

Stad: Hos Gunn i Naustvikvegen.

Saker:

- SØK midler
- Blomster langs vegen,
- Gode VIB-er

1. Fordeling av SØK-Midler

Overkommelig mengde med søknadar i år.

Velger også i år å spara nokon av midlene til kommande prosjekt/saker.

Fordelinga vart slik:

Årvik Gamleskule får kr. 35. 000 til reparasjon av tak.

Speidaren får kr. 15. 000 til prosjekt i speidar-arbeidet.

Prosjekt med inforskilt til «Hitlertenner» får kr. 3000.

Motorbåtforeningen får kr. 8000 til ferdigstillelse av nye benkar og blomsterkassar. (+ kr. 2000 til blomster).

Soknerådet får kr. 20. 000 til nytt lydanlegg.

Liofeltet får kr. 6000 til «geiter på Liatoppen».

Teatergruppa får kr. 3000.

2. Det må plantas ut blomster langs vegen i sentrum av Vikebygd

Midler til blomster fra kommunen er på kr. 5000.

Mona tar seg av planting.

Må rettes opp i blomsterkassar ved Gamlatunet – Gunnar ordner det.

Båtforeninga kan og få blomster til dei nye kassane som skal opp i båthavna.

3. Gode VIB-er

Kommunedirektøren har gått inn i styringsgruppa.

Hatt møte med status på gruppene.

Det er bestilt stand på Etnemarknaden for markedsføring.

4. Prosjekt Sherpatrapp

Espen har hatt «sherparammen» på besøk for befaring i Glommaskaret. Espen, John Magne, Leif Grindheim og Sherparamann var oppe og såg. Roald tok dei med andre vegen og, slik at dei fekk logga begge rutene.

Det anslås at det kostar omrent 10 mill for 1 km med trapp. Ein ide er å ta i bruk stein frå Dommersnes når det skytes ut her ifm. prosjekt der. Leif tilbyr seg å gjere alt klart i forbindelse med avtalar med grunneigere osv.

Dei informerer om at ein som regel starter opp prosjektet, og gjer litt og litt etter kvart som ein får fleire midler på plass. Prosessen går difor over nokon år.

Løypa er totalt 2 km.

Her må en finne ut kostander, og kor ein kan søke midler. Dialog med Næringsforeningen for korleis ein skal gå fram med dette. Begynner å skyte ut på Dommersnes ila 2024, evt prøve å få noe nytte ut av stein herfra, då ein kan spare mykje kostander på det.

Espen og Jon Magne jobbar vidare med prosjektet, og det blir spennande å sjå om det kan bli realisert etter kvart.

5. Asfaltering av vei

Vegen frå Skjold til Vikebygd skulle asfalterast i fjor, men arbeidet er stoppa heilt opp. Vegen blir stadig dårligare slik det står no. Usikker kvar ein kan henvende seg for å få informasjon om forløpet her.

6. Reklame for bygda

Det blir stadig vanligare å ta i bruk influensarar og sosiale medium for å reklamera for noko. Litt tankar rundt å ta dette i bruk for å nå ut til fleire med kva den flotte bygda vår har å by på. Kan bli meir aktuelt med influensar-reklame om ein får på plass ei sherpatrapp. Ein ide nå er Instagram-konto for å vise fram bilder og kvardagsglimt frå Vikebygd. Ein måtte å få vist fram kva me har å tilby her for aktuelle tilflyttarar og reisande som søker opp Vikebygd på Instagram. Mona ser på det.

Referent – Mona Aksdal.